



**Besøket i tysdagskafeen Tlaren har vore noko varierende i april og mai, men dei flinke dugnadsdamene har seld for 11000 kroner på 8 opningsdagar. Det er ikkje dårleg med tanke på at ingenting kostar meir enn ein tikroning.**

**I dag var det 43 vaksne og 5 born innom. Det var ikkje berre den faste stammen frå bygda, men også 11 gjester frå Husnes.**

I mai var det toppbesøk den fyrste tysdagen med 54 vaksne og 8 born. Den neste var det 31 vaksne og 4 born, den tredje tysdagen 27 og 6 og den siste 43 vaksne og 6 born.

Aprilstatistikken fortel om toppbesøk den tredje tysdagen med 60 vaksne og 5 born.

I mai var det seld for 4980 kroner og i april for 5954 med opning 4 dagar i begge månadane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen